

Uttale frå Fossa vassverk i høve konsesjonsvurdering for vasskraftutbygging av Fossa på Grøa i Sunndal, Møre og Romsdal.

Fossa Vassverk er eit vassverk som tek vatn frå kjeldeframspring i tilknyting til Fossa. Vassverket vart stifta som andelslag 3/2 1967 og var før dette tidspunktet eit privat vassverk med ein eigar. I dag har vassverket 20 andelseigarar.

I konsesjonsdokumenta kjem det ikkje fram noka opplysing om at vassverket eksisterer eller om eventuelle konsekvensar for dette ved ei vasskraftutbygging av Fossa. Det er tre viktige grunnar til at konsekvensar for vassverket blir utgreia.

1. Sjølve utbygginga kan påverke vasskvaliteten i utbyggingsperioden
2. Endra vassføring kan gje endra tilsig og vassmengd i grunnvasskjeldene for vassverket så såleis påverke forsyningskapasiteten i framtida
3. Endra tilsig kan påverke vasskvaliteten over tid

Det er ikkje gjort målingar av grunnvasspeil i området omkring kjeldene. Ut frå at vassmengd i dei einskilde kjeldene har endra seg over tid, er det grunn til å tru at dei har vassstilførsle frå hengjande grunnvasspeil og ikkje frå kontinuerleg grunnvatn. Dette synes logisk ut frå at Fossa og andre bekkar frå hengjande dalføre i Sunndal brukar lang tid (veker – månader) frå dei tek til å renne i dalsidene om våren og til elvefaret blir vassførande heilt fram til Driva i dalbotnen. I denne tida blir heile vassføringa drenert i grunnen, gradvis nærare ned mot Driva. Elvelaupet er følgjeleg i denne tida ikkje lågaste punkt på eit permanent grunnvasspeil, men høgste punkt på eit hengjande grunnvasspeil. Korleis ei endra vassføring vil påverke vassmengd og vasskvalitet er difor svært usikkert.

Det synes rimeleg at forholda for vassverket på kort og lang sikt blir avklara før konsesjon vert avgjort og at vassverket og andelseigarane vert haldne skadeslause for eventuelle verkandar av ei utbygging.

For Fossa vassverk



Torbjørn Åsgård

Formann